

Fuglar

Småfuglar er ein stor del av viltet vårt



1 – KJØTMEIS



2-BLÅMEIS



3-GRANMEIS

Småfuglane er også ein del av viltet vårt. Sporvefuglar omfattar mest halvparten av alle fuglar i verda.

FUGLEKASSAR

Her har me laga ei utstilling av dei vanlegaste fuglekassane som me kan få ulike fuglar til å hekka i.

Meisane, særleg kjøttmeis likar godt å byggje reir i fuglekassar. Lagar ein holet mindre (2,7 cm), kan ein og få blåmeis, svartmeis, lauvmeis og granmeis i kassen.

Svartkvit flugesnappar er og blant dei flittigaste fuglekassehekkarane. Desse fuglane trekkjer ikkje frå syden før i mai. Då kan dei gjerne vere så frekke at dei kastar ut kjøttmeisen frå kassen.

Staren kan trivast i fuglekasse på husveggen vår. Det er ein triveleg, men litt støyande leigetakar som set pris på ei kasse å bu i. Staren treng ein holopning på 5 cm i diameter.

LÆR DEG Å KJENNE FUGLESONGEN

Fuglesongen er karakteristisk for kvar art. Det er ofte lettare å kjenne att fuglar på songen enn på utsjånaden, når du først har lært lyden. Då kan du registrere kva fuglar som er i området utan å sjå dei. Lær deg å finne ut kva slags fuglar som er i kassen på lyden ! Her har me eit begynnarkurs, **trykk på knappen og høyr lyden til:**

1 – kjøttmeis

2 - blåmeis

3 – granmeis

4 – svartkvit flugesnappar

5 – svartmeis

6 – lauvmais

7 – fossekall

8 – stare


9 – kattugle

Fossekallen treng ein spesiell kasse, eller ei hylle til å leggje reiret sitt på. Denne kassen må monterast i overheng nær bekkar. Under bruer er ideelle stader til fossekallkassar.

Av **uglene** er det kattugla som oftast hekkar i kasse. Kattugla må ha ei holopning på 10-12 cm. Kattuglkassa kan og få besøk av kvinand eller laksand, som også hekkar i holer i tre. Pass deg for kattugla når du sjekkar ei uglekasse – ho gjev deg gjerne ein øyrefik, og pass på augene dine!!

Spettane er dei einaste fuglane som hakkar ut rugleholer i sjølv. Spettane er difor viktige for mange andre fuglar og dyr som nyttar holene deira til hekke- og ynglingsplass.

Kvitryggspett er ein sjeldan art som har sitt hovudutbreiingsområde i Europa i Indre Sogn. Me har difor eit spesielt ansvar for denne arten.



4 – SVARTKVIT
FLUGESNAPPAR



5 - SVARTMEIS




6 - LAUVMEIS



7 – FOSSEKALL



8 – STARE



9 – KATTUGLE

Foto: Noregs dyr 1990